

## Sak 04 - Vedtektsendring – §3, §4 og §5

### Bakgrunn:

Det har vore lavt oppmøte på mange styremøter. Av 9 faste medlemmar med 6 vara har ofte 4 – 6 medlemmar møtt. Styret har også fått tilbakemelding om at siste styremøte siste torsdag i månaden ikkje passar for alle. Dette må det nye styret tilpasse betre. Det har ikkje vore så mange fagspesifike saker. Likevel er det ein fordel om alle fag er representert. Forslag om reduksjon til ein representant frå kvar av dei 6 kategoriane: musikk, dans, teater/scenekunst, kunst, handvek, andre.

### Styret sitt forslag til vedtaksendring:

Endringar er markert med ~~strek~~ (eksisterande) og **feit** skrift (nytt forslag).

### § 3 Nominasjon til styre

Styret i Sunnfjord Kulturråd skal bestå av ~~9~~ **6** representantar og 6 varamedlem, som representerer følgjande kulturområder:

- Musikk og song – ~~2~~ **1** representantar og 1 vara
- Dans – 1 representant og 1 vara
- Teater og film – 1 representant og 1 vara
- Kunst – 1 representant og 1 vara
- Handverk – 1 representant og 1 vara
- Andre kulturaktørar – ~~3~~**1** representantar og 1 vara

### § 4 Styre

Sunnfjord Kulturråd vert leia av styret som er vald av årsmøtet. Styret skal arbeide etter vedtektene og arbeide etter dei vedtak og retningslinjer som årsmøtet fastset.

Styret konstituerer seg sjølv med val av leiar og nestleiar kvart år etter årsmøtet.

Styret bestemmer sjølv si eiga arbeidsform. Styret har ansvaret for det daglege arbeidet og dreg opp linjer for både det kortsiktige og det langsiktige arbeidet og presenterer dette for innbyggjarane i kommunen. Styret kan setje ned ad-hoc komitear og vere representert i komitear og utval som gagnar kulturlivet i Sunnfjord.

Styret innkallar til medlemsmøte ved behov. Styret er vedtaksføre når ~~fem~~ **tre** medlemmar er til stades. Vedtak blir fatta med vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap har styreleiar dobbeltstemme. Styret kan knyte til seg sekretær/saksførebuar og kasserar.

### § 5 Årsmøte

Årsmøtet er SKR sitt øvste organ. Årsmøtet blir halde kvart år innan utgongen av april månad. Det blir sendt ut innkalling med minst 6 vekers varsel. Saker ein ønskjer handsama på årsmøtet, må vere styret i hende seinast 3 veker før årsmøtet.

Årsmøtet handsamar:

- Val av møteleiar, referent og ein som skriv under referatet
- Styret si årsmelding
- Rekneskap
- Saker fremja av, eller gjennom, styret

- Handlingsprogram
- Budsjett, medrekna medlemskontingent (sjå **§2**)
- Val av:
  - Styre: **9 6** medlemmar og 6 vara
  - Valnemnd: 3 medlemmar
  - Revisor: 1 revisor

Kvar organisasjon og institusjon som er medlem i SKR har to stemmer og stiller med tale- og stemmerett på årsmøtet. Einskildpersonar som er medlem i SKR har ei stemme med tale- og stemmerett. Alle vedtak og val blir avgjort med alminneleg fleirtall. Det blir skriftleg val dersom det blir fremja krav om det. Vedtektsendingar krev 2/3 fleirtal.

Kvar representant i styret skal veljast for ein periode på to år og vararepresentant for eitt år. Ved ~~skiping~~ **årsmøtet** skal **tre representantar veljast for to år**. Styremedlemmane kan veljast i maksimalt to periodar i samanheng, dette gjeld ikkje varamedlemmar og valnemnd.

Valnemnda skal legge vekt på mangfald: fagleg, geografisk, alder og kjønn. Valnemnda skal syte for representasjon frå både det profesjonelle og det frivillige kulturlivet.

---

*Framlegg til vedtak;*  
*Årsmøtet godkjenner vedtektsendingane i §3, §4 og §5.*